

# MODALEN KRAFTLAG SA

## Årsmelding 2022

### STYRET:

Tom Kristian Thorsen(leiar)  
Jan Arild Steinsland (nestleiar)  
Barbro Rolland (styremedl.)  
Torbjørn Aas (styremedl.)  
Simon Flatekval (tilsett)

Det er halde 6 styremøter i 2022 og det er handsama 58 saker.

### DRIFTSPERSONALET/ADMINSTRASJON

Maskinmeisterass./overmontør:	<b>Simon Flatekval 100%</b>
Maskinmeister./overmontør:	<b>Bjørn Helland 100%</b>
Maskinmeisterass/Fagarbeider:	<b>Håvard Engset 100%</b>
Rekneskap/sekretær:	<b>Aud Marit B. Bergo 80%</b>
E-verk sjef:	<b>Per Bjarte Hanstveit(innleigd)</b>

Det har vorte gjennomført lønnsreguleringar i 2022.

### Inntekter

Det har vore god produksjon og gode priser.  
Inntekta på tilf. kraft var kr 17 966 157 i 2022,- mot kr 6 583 358,- i 2021.  
Kraftlaget har ikkje hatt nokon fastavtale for kraft i 2022.  
Produksjonen vert seldt til spotpris. Spotprisen varierar frå dag til dag og har våre høg i siste år.  
Det var ein snittpris på 117,2 øre/kWh.

### Kraftproduksjon

Produksjonsmessig har det våre eit bra år med ein produksjon på 9,1 GWh i 2022. Til samanlikning vart det produsert 8,9 GWh i 2021.

### Hellandsfossen kraftverk

Anlegget har produsert 7,87 GWh i 2022

### Budalselva kraftverk

Anlegget har produsert 1,26 GWh i 2022

### Nybygg Høgspent 22kv

Det er satt opp ny trafo/nettstasjon på Helland med tilhøyrande kabling. Det er lagt 300 meter med høgspenkablar frå nettstasjon

### Nybygg Lågspent

Det er gjort forsterkningar på linje Otterstad frå Groa T-105. Me har gjort omlegging av lågspentlinja på Helland grunna sanduttak. Det er satt opp ny trafostasjon på Helland og lagt ny forsyning til driftsbygningen til Frank Stian Steinsland i 300 meter kabelgrøft.

Me har lagt kabel til ny ladestasjon ved barnehage på Helland. Har utført kabling straumforsyning til ny grindrenskar for Eviny ved inntak Almelid.

### **Vedlikehald veglys og lågspent**

Vedlikehald av lamper. Har og hatt noko vedlikehald på høg og lågspent linjer. Det er påbegynt utskifting av dårlege stolpar på Helland og Krossdal. Har og hatt utskifting av dårlege kabelskåp.

### **AMS målarar**

Her har det vore svært mykje jobb i år og. Det har våre tidkrevjane då det er ca. 20 målere som ikkje oppnår kontakt med. Dette er hovudsakleg hytter. Problemet no er at enkelte slår av måler /hovedbryter til hytta når dei ikkje er der,og då får me ikkje kontakt med målarane.

### **Kjøp og Salg av kraft**

Kraftlaget kjøper konsesjonskraft frå BKK for sal til kundane etter avtale med Modalen Kommune. I 2022 er det solgt 8,3 Gwh til kundane. Det er kjøpt inn 10,1 Gwh kraft. Dette gir eit tap på 15 %. Normalt vil nettapet ligge mellom 5-12 %.

### **Investeringer**

Har kjøpt inn ein ny nettstasjon på Helland.

### **Småkraftverk**

Modalen Kraftlag fekk i 2027 konsesjon på 3 småkraftverk på Nåndalselva, Budal II og Almelid. På grunn av låge kraftprisar i perioden vart ikkje utbyggingar igangsett. Modalen Kraftlag fekk i 2022 etter søknad til NVE, utsettelse av byggjestart med 5 år fram til 4 juli 2027.

### **Rekneskap / Økonomi / Faktiske tilhøve**

God produksjon og gode straumprisar gjennom året, i kombinasjon med låge vedlikehaldsutgifter, gjer at Modalen Kraftlag SA går med bra overskot i 2022. Samla overskot for 2022 er kr 15 975 957.-. 2023 teiknar til å bli bra, men er særst avhengig av straumprisen. Grunnlag for vidare drift er til stades.

### **Likestilling**

Av selskapets tilsette er det 3 menn og 1 kvinne. Styret er samansett av 4 menn og 1 kvinne. Selskapet har ein policy som tek sikte på at det ikkje skal forekomma forskjellsbehandling grunna kjønn.

### **Tilsette**

Det har også for 2022 vore lite mannskap delar av året. Knut helland gjekk av med pensjon 1 mai. Simon Flatekval vart ansatt 01.07.2022 og Håvard Engseth vart ansatt 01.11.2022 i Modalen Kraftlag SA.

### **Årsmelding**

Verksemda driv med kraftomsetning, kraftproduksjon og kraftoverføring. Verksemda si aktivitet er retta mot innbyggjarane og industrien i Modalen kommune, og god eigenproduksjon av kraft. Verksemda sin økonomi er god, då det er ein fast kundemasse og god eigenproduksjon.

### **Arbeidsmiljø**

Styret meiner at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god. Ein reknar ikkje med at verksemda medfører skade på det ytre miljø.

### **Videre drift**

Årsregnskapet og årsmelding for 2022 for Modalen Kraftlag SA er satt opp under føresetnad av fortsatt drift. Utsiktene for 2023 vurderast som gode.

## Meir/Mindreinntekt

NVE fastset kvart år ei inntektsramme for kor mykje selskapet kan ta betalt for overføringstenester. Denne inntektsramma var 6 047 895 000 for 2022. Selskapet hadde ein meirinntektsaldo på kr 700 478 pr 01.01.2022. Selskapet har hatt kr 1 067 785 i mindreinntekt i 2022, slik at mindreinntektsaldoen var kr 367 307 pr. 31.12.2022

---

Modalen, den 15.06.2023

Tom Kristian Thorsen  
Styrets leiar

Jan Arild Steinsland  
Styrets nestleiar

Simon Flatekval  
Styremedlem

Barbro Rolland  
Styremedlem

Torbjørn Aas  
Styremedlem

---